

Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 Ålesund

08.10.2021

postmottak@alesund.kommune.no

Merknader til offentlig ettersyn av plan for areal, klima og transport, PAKT, for Ålesundsregionen

Ålesund formannskap, Giske formannskap og Sula planutval har gjort vedtak om å leggja framlegg til plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT) ut på høyring.

PAKT er ein interkommunal plan for dei tre nevnte kommunane. I planen skal arealbruk og transport sjåast i samanheng, i eit klimaperspektiv, og med FN sine berekraftsmål som fundament. PAKT definerer mål og strategiar for utviklinga i regionen, vurderer kvar veksten bør koma og korleis transportsystema best skal kunne binde dei ulike områda saman.

PAKT har framlegg både til strategiar, planretningslinjer og handlingsprogram. Planen kan dessutan sjåast i samanheng med pågåande arbeid med kommuneplanens samfunnsdel samt underliggjande strategiarbeid på ulike sektorar i kommunen. Det blir lagt opp til at fylkeskommunen skal godkjenna planen som ein regional plan.

Vi har følgjande kommentarar til planframlegget:

1)Vi viser til våre kommentarar til høyring av planprogram for PAKT av 30.09.2019. *Våre innspel frå den gongen er framleis gyldige.* Nokre moment er tatt inn i framlegg til PAKT, mens ein del perspektiv er framleis manglande i noverande framlegg til PAKT.

2)Vi oppfattar det som positivt at ein har ambisjonar om å sjå fleire sektorar i samanheng. Dette vil venteleg føra til ei meir heilskapleg og samordna politikkkutøving. Planen skal vera ein reiskap for å m.a. å styra samfunns- og arealbruksutviklinga. *Vi meiner imidlertid at framlegg til plan ukritisk og i for stor grad legg opp til ei vidareføring av dei utviklingstrekk som pregar regionen i dag, utan at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til klimaverknader og berekraftsmål.*

3)Under kapitlet «Satsingsområder» i kommuneplan for Ålesund, samfunnsdelen (2021 – 2031), står det:

«Ålesund kommune har blitt ein stor landbrukskommune. Jordvern skal prioriterast for å sikra areal til matproduksjon. Matjorda skal ikkje byggast ned, men bli disponert langsiktig og bli tatte vare på for komande generasjonar. Auka sjølvforsyningsgrad er

viktig både ut frå beredskaps- og miljøomsyn, og for å sørge for trygg og rein mat til eige folk. Auka matproduksjon skaper i tillegg fleire og nye arbeidsplassar.»
Vi saknar at det blir tatt omsyn til dette i dei strategiane som blir skissert i PAKT. Det bør også i PAKT klart signaliserast at nedbygging ikkje skal skje på dyrka og dyrkbart areal.

4) Klimalova legg til grunn at utslepp av klimagassar skal reduserast med minst 40% samanlikna med referanseåret 2009. *Då kan vi ikkje leggja opp til ein strategi der alt får utvikla seg som før. Det å ta vare på grønne areal, inkludert dyrka og dyrkbare områder må vera ein klar premiss for å lykkast i arbeidet med klima og berekraft.*

5) *Vi meiner at det i PAKT må gjerast greie for korleis ein gjennom god og fornuftig forvaltning av arealressursane skal bidra til eit betre klima og til auke i matproduksjonen, inkludert styrking av beredskapen i regionen. Jordsmonn og landbruk er ein del av løysinga på dagens klimautfordringar og høyrer naturleg med i planen. Vi saknar imidlertid at dette blir løfta fram gjennom PAKT.*

6) I arealoversikta, som vedlegg til PAKT, går det fram at det i kommune- og kommunedelplanane i Ålesundsregionen samla sett er eit noverande effektivt reserve bustadareal på ca 9400 da, medan det reelle arealbehovet fram til 2040 kun er på ca 1400 da. Dette baserer seg på prognosar for folketalsutvikling frå SSB og utviklinga i fordelinga av bustadtypar.

I samband med rullering av kommune- og kommunedelplanane må det gjerast klare vedtak om at vesentlege delar av dei areala som no er avsett til bustadformål blir tilbakeført til LNF-område. Dette er også ein vesentleg premiss for PAKT.

7) *Som grunnlag for PAKT saknar vi også oversyn over korleis arealet av dyrka og dyrkbar jord har utvikla seg i Ålesundsregionen, og korleis areala blir brukt. Dette er også ein viktig premiss knytt til berekraft og klima.*

8) Framlegget til PAKT ber meir preg av å skulle leggja til rette for by- og tettstadsutbygging enn å vera ein plan som er i samsvar med FN sine berekraftsmål og som tek klima på alvor. *Vi kan ikkje sjå at det i planen vert lagt opp til å ta i bruk verkemidlar som monnar i forhold til at samfunnsutviklinga skal vera berekraftig.*

9) Med det som her er skissert blir det lagt til rette for ytterlegare nedbygging av areal, noko som klart er i strid med alle klimamål. Når det blir utarbeida ein regional plan må denne også kunne brukast til ei *prioritering og samordning i forhold til å sikra at areal ikkje blir nedbygd. Det blir i for stor grad lagt opp til at «alle skal få alt». Jfr pkt 6).*

10) Vi oppfattar det slik at utvikling av senterstruktur og vekstsoner er ein vesentleg del av planen. I samsvar med sentrale føringar blir det i PAKT lagt opp til ein struktur med utvalde senterområde på tre nivå:

- Regionsenter
- Områdesenter
- Lokalsenter

I tillegg kjem trafikknutepunkt.

Det blir lagt opp til at framtidig vekst, bustad- og tenestetilbud i hovudsak skal konsentrerast innafor nevnte struktur. I kommuneplanens arealdel skal det tilretteleggjast og konkretiserast korleis denne strukturen skal vera.

Vi er bekymra for at det her blir lagt opp til å gjennomføra ein plan der berekraft og klima blir ofra på bekostning av ønskje om urbanisering og byvekst:

-Det blir feil å prioritera senterutvikling i områder som t.d. Vatneidet, Skodje, Sjøholt og Steinshamn. På ein del slike stader er konfliktnivået knytt til jordvern så høgt at det blir feil å leggja føringar for senterområder og vekstsoner, slik det blir lagt opp til i PAKT.

-På andre stader vil alternativet vera å få definert klare utbyggingsgrenser, slik at framtidig arealforvaltning blir meir avklart enn det er i dag.

-Vi meiner dessutan at det av tidlegare nevnte arealoversikt klart går fram at framtidig befolkningsutvikling ligg på eit så lavt nivå at det i svært liten grad vil vera behov for å definera vekstsoner som inkluderer dyrka og dyrkbart areal.

-Resultatet av den strukturen som det her blir lagt opp til blir dessutan lett at det som blir sett av til næringsareal og som blir definert som interessant utbyggingsareal for arealkrevjande verksemdar, blir henvist til dyrka- og dyrkbart areal. Slik kan vi ikkje ha det.

11) *Vi saknar ein plan og ei konkretisering av arbeidet med fortetting og transformasjon. Dette handlar ikkje berre om å byggja tett og å byggja i høgda. Det handlar også om utnyttade eksisterande nedbygd areal på ein meir effektiv og betre måte. Her er det truleg mykje å ta tak i.*

Rammer for planarbeidet

Vi meiner at framlegget tek for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt.

Med utgangspunkt i at Stortinget i 2015 vedtok *nasjonal jordvernstrategi* og eit *nasjonalt jordvernmål* der det maksimalt skulle byggjast ned 4000 da årleg, vedtok Fylkestinget i Møre og Romsdal i 2017 *Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med maksimalt nedbygging av ca 200 da pr år. Det nasjonalet jordvernmålet er no redusert til maksimalt årleg nedbygging av 3000 da. *Dette fordrar at kommunane ytterlegare skjerpar krav knytt til omdisponering av dyrka og dyrkbart areal.*

Vi vil dessutan visa til brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018. Her blir det m.a. vist til *revidert nasjonal jordvernstrategi*, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at *landbrukets arealressursar generelt må sikrast* og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar regulerings sak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

Med helsing
JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen